



Ørskog Sparebank

- *tid til deg*

Delårsrapport – 3. kvartal 2019

Ørskog Sparebank



Delårsrapport 3. Kvartal 2019.

Ørskog Sparebank oppnådde eit resultat etter tap og skatt på 15,001 mill. kr. pr. 30.09.2019. Dette er 0,470 mill svakare enn 30.09.2018. Banken sine totale utlån inkludert Eika Boligkreditt syner det siste året ein auke på 8,9 %. Rentenettoen har styrka seg grunna endringar i konkurranse situasjonen, og banken har ei positiv utvikling i provisjonsinntektene. Driftskostnadane syner ein auke som i hovudsak skyldast auka bemanning. Banken har framleis låge tap og det er lågt misleghald mellom lånekundane. Banken sin balanse er solid med ei kjernekapitaldekning på 18,42 %.

Resultatrekneskapen

Kvartalsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova av 17. juli 1998 og forskrift om årsrekneskap i bankar m.v. Dei same rekneskapsprinsippa som banken nyttar i årsoppgjeret, er brukt ved oppstilling av kvartalsrekneskapen.

I høve IFRS reglane er det gjort ei endring i oppstillingsplanen for rekneskapen i dei to første kvartala for 2019. Mellom anna betyr dette at renteinntekter frå låneengasjement med tapsavsetning blir ført som ei inntekt på tapslina i resultatet, ikkje som brutto renteinntekt.

Ørskog Sparebank har pr. 30.09.2019 eit resultat før tap og skatt på 21,229 mill. kr. tilsvarande 1,06 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK). På same tid i fjor vart resultatet 20,174 mill. kr. tilsvarande 1,06 % av GFK.

Resultat etter tap og skatt vart 15,001 mill og på same tid i fjor vart resultatet 15,471 mill.

Resultat pr. 30.09.2018 kan ikkje direkte samanliknast grunna endra oppstillingsplan.

Resultata ber preg av reduserte kostnader til drift og utvikling av banken sine IT system, samt auka lønnskostnader som følgje av auka bemanning. Resultatet ber også preg av vekst i utlån og auka andel breiddekundar i banken. Avkastning frå obligasjonsportefølja er framleis låg. Banken har i år motteke høgare utbytte frå Eika Gruppen og Eika Boligkreditt samanlikna med 2018.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente og kredittprovisjonsinntekter er 36,3 mill. kr. mot 32,9 mill. kr ved utgangen av 3. kvartal 2019. Dette utgjer 1,82 % av GFK, mot 1,73 % i fjor. Rentenettoen har styrka seg på grunn av endringar i konkurranse situasjonen og eit fokus på rett prising av risikoen i banken si låneportefølje. Noregs Bank satte i september opp styringsrenta med 0,25 %poeng, og dei fleste bankane har fulgt etter med rentehevingar. Ørskog Sparebank har i oktober justert både utlåns- og innskotsrenter, noko som vil få innverknad frå november. Banken ventar ein positiv effekt frå renteendringa i 4. kvartal.

Provisjonsinntektene er 10,215 mill kr. mot 9,545 mill kr. pr. 30.09.2018. Det er i hovudsak auka sal av skade- og personforsikringar samt provisjon frå Eika Boligkreditt som forklarar auken.

Driftskostnader

Driftskostnadene syner ein auke på 3,873 mill. kr. og utgjer 26,898 mill. kr. mot 23,025 mill. kr. i fjor. Kostnader i % av totale inntekter (korrigert for verdiutvikling på verdipapir) utgjer 58,5 % pr. 30.09.2019 mot 55,31 % pr. 30.09.2018.

Ørskog Sparebank har som målsetting å tilby god personleg rådgeving til både privat- og bedriftsmarknaden. Auka kompetanse og bemanning er eit viktig grep for å oppnå berekraftig vekst og dermed legge til rette for målretta utlånsvekst og auka provisjonsinntekter frå sal av forsikrings- og spareavtalar.

Banken har også i dette kvartalet brukt ressursar på å tilpasse seg den nye anti-kvitvaskingslova.

Banken har i 2019 ferdigstilt ei større oppussing og oppgradering av bankbygget på Sjøholt. Dette har gitt auka eingongskostnader og eit auka avskrivingsgrunnlag i for året så langt.

Banken ser ei stabil utvikling i IT-kostnadene, og arbeider meir effektivt med hjelp av automatiserte og digitale prosessar.

Styret ventar at dei tiltaka som er gjennomførte vil gi ei positiv utvikling for banken i framtida.

Balansen

Forvaltningskapitalen utgjer 2.748 mill. kr., mot 2.600 mill. kr. på same tidspunkt i fjor.

Utlån

Utlåna i banken sin balanse utgjer 2.387 mrd. kr og er ein auke på 180,9 mill. kr. sidan i fjor. Innanfor personmarknaden er veksten på 9,4 % siste 12 månader, og banken nyttar i hovudsak Eika Boligkreditt til å finansiere nye bustadlån. Totale utlån er no på 2.872 mill. kr om ein inkluderer bustadlån som er plassert i Eika Boligkreditt.

For å møte etterspurnaden etter bankens tenester vedtok banken i september å etablere eit rådgjevingsskontor på Moa som skal opne før jul 2019. Banken har gått inn på ein 5 årig leigeavtale i eit 100 m² stort areal sentralt på Moa, og ventar vekst i antal kundar og forretningsvolum som følgje av opninga.

Mislegald og tapsutsett portefølje

Dei mislegaldne engasjementa utgjorde 10,506 mill. kr. tilsvarande 0,44 % av brutto utlån. Tilsvarande tal pr. 30.09.2018 var 4,907 mill. kr. tilsvarande 0,22 % av brutto utlån. Auken skuldast to mislegaldne bustadlån. Låna er sikra med pant i fast eigedom.

Tapsutsette, ikkje mislegaldne engasjement utgjør 58,961 mill. kr. ved kvartalsskiftet, mot 57,391 mill. kr. pr. 30.09.2018. Banken sine kredittrådgjevarar følgjer tett opp portefølja med handlingsplanar og overvakar utviklinga.

Banken har i 2019 auka dei gruppevise tapsavsetningane som ei tilpasning til ein ny modell for utrekning av gruppevise nedskrivingar som tek til å gjelde frå 01.01.2020.

Innskot

Banken sine innskot har auka med 120,7 mill. kr. siste 12 mnd., og utgjør no 1.975 mrd. kr. Dette er ein auke på 6,5 %. Innskotsdekninga er på 82,7 % pr. 30.09.2019 mot 84,03 % pr. 30.09.2018.

Verdipapir

Banken si portefølje av aksjar, eigenkapitalbevis og fondsandelar utgjør 58,7 mill. kr. Banken si obligasjonsportefølje utgjør 200,9 mill. kr. Netto verdiendring og vinst på verdipapir er på 0,3 mill. kr pr. 30.09.2019. Dette er 0,1 mill. kr. høgare samanlikna med tal pr. 30.09.2018.

Finansiering

Banken har obligasjonslån på til saman 250 mill. kr. Vidare har banken lån i Kredittforeininga for sparebankar (KfS) på tilsaman 150 mill kr.

Långjevar	NOK Mill	Innfriing
Kredittforeiningen for Sparebanker (KfS)	50	des.19
Kredittforeiningen for Sparebanker (KfS)	25	feb.20
Obligasjonslån	50	nov.20
Obligasjonslån	50	apr.21
Obligasjonslån	50	okt.21
Obligasjonslån	50	jun.22
Kredittforeiningen for Sparebanker (KfS)	50	nov.22
Obligasjonslån	50	apr.24
Kredittforeiningen for Sparebanker (KfS)	25	apr.24

Størsteparten av desse har 1-5 års løpetid. Låna har kvartalsvis renteregulering knytt til 3 mnd. Nibor, og ein jamn forfallsstruktur.

Banken har i tillegg ein oppgjerskreditt på 130 mill. kr i DNB som vert årleg fornya. Ved kvartalsskiftet hadde banken innskot på kontoen på ca. 6,6 mill. kr.

Eigenkapital og avkastning

Banken sin ansvarlege kapital er 309,8 mill. kr. Kapitaldekninga er på 20,39 % pr. 30.09.2019 mot 20,82 % pr. 30.09.2018. Banken sin reine kjernekapital er på 279,8 mill kr. noko som gir ei kjernekapitaldekning er ved utgangen av perioden på 18,42 % mot 18,7 % i fjor. Utrekninga er eksklusiv resultat for rekneskapsåret hittil.

Konsolidert rein kjernekapital for eigarføretak i samarbeidande gruppe er utrekna til 16,94 % mot 18,27 førre år. Konsolidert ansvarleg kapital for eigarføretak i samarbeidande gruppe er berekna til 19,21 % mot 20,57 % førre år.

Eigenkapitalavkastninga etter skatt er på 6,7 % mot 7,4 % pr. 30.09.2018

Risikovurdering

Kredittrisiko og likviditetsrisiko er dei mest vesentlege risikoområda for Ørskog Sparebank.

Kredittrisiko

Sum restanse og overtrekk innanfor personkundemarknaden er låge. Styret har gått grundig gjennom mislegaldne engasjement og vurdert dei individuelle og gruppevise nedskrivingane. Banken sine lån til næringslivet utgjør 23 % av samla utlån på eigen balanse. Både landbruk, personlege selskap m.m. er inkludert i denne andelen. Størsteparten av låneporteføljen er sikra med pantesikkerheit i fast eigedom. Likevel vil det vere ein viss risiko knytt til effektane av maknadsmessige svingingar, arbeidsløyse, skilsmisse, konkurs eller dårleg betalingsvilje.

Volumet av mislegaldne engasjement har auka litt så langt i år, men styret er likevel nøgd med det låge totalvolumet av mislegaldne lån. Styret vurderer kredittrisikoen i banken til å vere innanfor dei grenseverdiane ein har satt i sin kredittpolicy og interne styringsmål.

Likviditetsrisiko

Banken si utlånsportefølje har ei relativt lang restløpetid, medan innskot frå kundar kan takast ut utan oppseiing. Dette tilhøvet inneber ein likviditetsrisiko. Finansieringsgraden (forholdet mellom innskot og utlån) er på 82,7 % pr. 30.09.2019 mot 84,0 % pr. 30.09.2018.

Styret vurderer likviditetsrisikoen til å vere låg. Nye utlån til personkundemarknaden blir i all hovudsak finansiert ved å nytte bustadkredittselskapet Eika Boligkreditt AS. I tillegg vurderer banken utskrivning av nye obligasjonslån om marknaden blir vurdert som gunstig.

Utviklinga så langt og utsiktene for resten av året

Styret er nøgd med banken sin utlansvekst, stabile kjernedrift og særskilt den positive

utviklinga innan sal av skadeforsikring. Styret vonar at den positive utviklinga vil halde fram og bli forsterka av at banken no vil etablere seg med eit rådgjevingsskontor utanfor Ørskog. Totalt sett ventar banken at resultatet for 2019 vil bli på line med resultatet i 2018 av grunnar

nemnd ovanfor i rapporten. Med banken sin solide eigenkapital og ein strategi om å vere ein nær og tilgjengelig lokalbank, venter styret at banken vil kunne ha ein lønsam og god vekst vidare i 2019.

Ørskog Sparebank 3. Kvartal

RESULTAT

		3. Kvartal isolert		3. Kvartal	3. Kvartal	Året
Tall i tusen kroner	NOTE	2019	2018	2019	2018	2018
Renteinntekter og liknande inntekter		23.059	18.572	63.641	53.898	73.353
Rentekostnader og liknande kostnader		9.910	7.065	27.277	20.998	28.604
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		13.149	11.507	36.364	32.900	44.748
Utbytte og andre innt. av verdipapirer med var. avkastning		24	-	1.878	1.373	1.373
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		3.615	3.129	10.215	9.545	12.785
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		315	471	1.086	1.363	1.848
Netto verdiendr. og gev./tap på val. og verdipapirer omløp		(18)	(84)	301	196	7
Andre driftsinntekter		112	143	455	548	688
Netto andre driftsinntekter		3.419	2.717	11.763	10.299	13.005
Personalkostnader		4.918	4.231	12.820	10.522	15.535
Administrasjonskostnader		3.741	3.338	10.725	10.066	13.314
Avskrivning m.v. av varige driftsmidar og imm. eignelutar		421	291	1.233	864	1.175
Andre driftskostnader		440	399	2.120	1.573	2.835
Sum driftskostnader		9.520	8.259	26.898	23.025	32.859
Resultat før tap		7.048	5.964	21.229	20.174	24.895
Tap på utlån, garantiar m.v.	1	(249)	648	1.396	457	1.353
Kurstap anleggsaksjar		-	(443)	(11)	(448)	(1.837)
Nedskrivning anleggsaksjar		(122)	-	-	-	-
Resultat av ordinær drift før skatt		7.419	5.759	19.844	20.165	25.378
Skatt		1.997	1.437	4.843	4.694	6.073
Resultat av ordinær drift etter skatt		5.423	4.323	15.001	15.471	19.305

BALANSE – EIGNELUTAR

		3. Kvartal	3. Kvartal	Året
	NOTE	2019	2018	2018
Kontantar og fordringar på sentralbankar		71.298	73.156	71.160
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		23.130	39.024	9.057
Utlån til og fordringar på kundar	4	2.387.975	2.207.038	2.234.237
Individuelle nedskrivningar på utlån	2, 4	(15.350)	(14.000)	(15.000)
Nedskrivningar på grupper av utlån	2	(3.500)	(3.200)	(3.100)
Sum netto utlån og fordringar på kundar	4	2.369.125	2.189.838	2.216.137
Overtatte eignelutar		3.000	-	-
Sert., obl og andre renteberende vp med fast avkast.		200.858	249.714	230.445
Aksjar, andelar og andre vp med variabel avkastning		58.681	29.614	31.743
Utsatt skattefordel		2.261	2.331	2.261
Varige driftsmiddel		13.510	11.505	13.217
Andre eignelutar		(93)	36	106
Forskotsbetalingar og ikkje påløpte kostnader		6.897	4.922	4.961
Sum Eignelutar		2.748.667	2.600.140	2.579.086

BALANSE – GJELD OG EIGENKAPITAL

		3. Kvartal	3. Kvartal	Året
	NOTE	2019	2018	2018
Gjeld til kredittinstitusjonar	6	150.118	149.996	152.982
Innskot frå og gjeld til kundar		1.975.234	1.854.479	1.836.741
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir	6	249.997	250.000	250.000
Anna gjeld		12.502	8.678	11.781
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptjente inntekter		22.723	16.846	4.489
Avsetningar for påløpne kostnader og forpliktingar		2.773	2.850	2.773
Ansvarleg lånekapital	5, 6	30.000	30.000	30.000
Sum Gjeld		2.443.346	2.312.848	2.288.766
Innskutt eigenkapital		-	-	-
Sparebankens fond	5	290.320	271.820	290.320
Gåvefond	5	-	-	-
Rekneskapsperiodens resultat		15.001	15.471	-
Sum Eigenkapital		305.321	287.291	290.320
Sum Gjeld og Eigenkapital		2.748.667	2.600.140	2.579.086

NØKKELTAL

	3. Kvartal	3. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
<i>Nøkkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert</i>			
Resultat			
Kostnader i % av inntekter justert for VP	58,5 %	55,3 %	58,3 %
Kostnadsvekst siste 12 mnd	16,8 %	-3,6 %	0,6 %
Eigenkapitalavkastning*	6,7 %	7,4 %	6,9 %
Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP)	20,9 %	21,0 %	20,6 %
Innskotsmargin hittil i år	0,28 %	0,08 %	0,11 %
Utlånsmargin hittil i år	2,06 %	2,16 %	2,15 %
Netto rentemargin hittil i år	1,82 %	1,73 %	1,75 %
Innskot og Utlån			
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	22,9 %	23,8 %	23,0 %
Andel lån overført til EBK – kun PM	20,8 %	20,4 %	20,4 %
Innskotsdekning	82,7 %	84,0 %	82,2 %
Soliditet			
Ren kjernekapitaldekning	18,42 %	18,70 %	19,93 %
Kjernekapitaldekning	18,42 %	18,70 %	19,93 %
Kapitaldekning	20,39 %	20,82 %	22,04 %
Leverage ratio	9,99 %	9,92 %	10,70 %
Likviditet			
LCR	137	183	160
NSFR	138	134	134

Finansdepartementet fastsette 25. november 2015 forskrift om endring av CRR/CRD IV-forskrifta med regler om eit krav til likviditetsreserve (LCR). Dette måleparameteret skal sikre at banken har likvide eigendeler under eit stressscenario over 30 dagar. Eksempel på hendingar i ei stressperiode er nedgradering av bankens kredittvurdering, auka uttak av innskot og ingen tilgang til marknadsfinansiering. Bankens resultat overstig offentlig krav med god margin.

NOTE 1 – TAP PÅ UTLÅN

	3. Kvartal isolert	3. Kvartal	3. Kvartal	Året
	2019	2018	2019	2018
Periodens endring i individuelle nedskrivinger	-50	400	350	150
Periodens renter på nedskrevet del av utlån			-660	
Periodens endring i gruppevisse nedskrivinger	-	250	400	350
Perioda si endring i individuelle nedskrivinger på garantier			-	-
Periodens konstaterte tap som det tidligere er nedskrevet for	34	-	1.234	-
Periodens konstaterte tap som det tidligere ikkje er nedskr. for	-	-	83	-
Periodens inngang på tidligere perioders nedskrivinger	-	-2	-11	-43
Periodens tapskostnad	-249	648	1.396	457
				1.353

NOTE 2 – NEDSKRIVINGER PÅ UTLÅN OG GARANTIER

Individuelle nedskrivninger på utlån og garantier

	3. Kvartal	3. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
Individuell nedskrivning ved begynnelsen av perioden	15.400	13.800	14.050
Økte individuelle nedskrivninger i perioden	-50	-	-
Nye individuelle nedskrivninger i perioden	-	200	1.200
Tilbakeføring av individuelle nedskrivninger fra tidligere perioder	-	-	-250
Konstaterte tap på lån som tidligere er nedskrevet	-	-	-
Individuelle nedskrivninger ved slutten av perioden	15.350	14.000	15.000

Gruppenedskrivninger på utlån

	3. Kvartal	3. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
Gruppenedskrivninger ved begynnelsen av perioden	3.500	2.750	2.650
Periodens endring i gruppenedskrivninger	-	450	450
Tilbakeføring av nedskrivninger på grupper av utlån i perioden	-	-	-
Gruppenedskrivninger ved slutten av perioden	3.500	3.200	3.100

NOTE 3 – MISLEGHOLDNE OG TAPSUTSETTE ENGASJEMENT

Misleghaldne engasjement

	3. Kvartal	3. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
Brutto misleghaldne utlån	10.656	4.907	8.984
Individuell nedskrivning	-150	-	-
Netto misleghaldne utlån	10.506	4.907	8.984

Andre tapsutsette engasjement

	3. Kvartal	3. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
Tapsutsette engasjement (ikkje misleghaldt)	74.161	71.391	77.770
Individuell nedskrivning	-15.200	-14.000	-15.000
Netto tapsutsette engasjement	58.961	57.391	62.770

NOTE 4 – FORDELING UTLÅN KUNDAR

Utlån til kunder fordelt på sektorer og næringer

	3. Kvartal	3. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
Landbruk	28.916	28.059	29.185
Industri	25.174	32.928	26.621
Bygg, anlegg	91.685	78.930	76.020
Varehandel	57.170	58.792	56.662
Transport	10.149	7.864	7.442
Eigedomsdrift	286.408	269.428	272.142
Tjenesteytende ellers	48.080	49.465	45.296
Sum næring	547.581	525.467	513.368
Personkunder	1.840.394	1.681.572	1.720.869
Brutto utlån	2.387.975	2.207.039	2.234.237
Inviduell nedskrivning	-15.350	-14.000	-15.000
Gruppenedskrivninger	-3.500	-3.200	-3.100
Netto utlån til kunder	2.369.125	2.189.840	2.216.137
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	484.288	431.335	439.942
Totale utlån inkl. porteføljen i EBK	2.853.414	2.621.175	2.656.079

NOTE 5 – KAPITALDEKNING

Kapitaldekning	3. Kvartal 2019	3. Kvartal 2018	Året 2018
Sparebankens fond	290.320	271.820	290.320
Sum egenkapital	290.320	271.820	290.320
Frådrag i ren kjernekapital	-10.517	-7.300	-7.578
Ren kjernekapital	279.803	264.520	282.742
Sum kjernekapital	279.803	264.520	282.742
Ansvarleg lånekapital	30.000	30.000	30.000
Frådrag i tilleggskapital	-	-	-
Sum tilleggskapital	30.000	30.000	30.000
Netto ansvarlig kapital	309.803	294.520	312.742
	2019	2018	2018
Eksponeeringskategori (vektet verdi)			
Lokal regional myndighet	2.209	2.354	2.601
Institusjoner	6.364	13.785	10.054
Føretak	151.656	146.739	130.724
Pantsikkerhet eigedom	1.046.375	946.645	962.257
Forfalne engasjement	15.874	11.746	14.840
Høyrisikoengasjement	43.881	45.891	45.891
Obligasjoner med fortrinnsrett	16.613	18.783	17.767
Fordring på institusjoner og føretak med kortsiktig rating	3.114	6.105	111
Andelar verdipapirfond	6.240	-	-
Eigenkapitalposisjoner	29.071	27.221	29.071
Øvrige engasjement	90.930	93.004	98.768
CVA tillegg	112	165	166
Sum berekningsgrunnlag for kreditt risiko	1.412.437	1.312.436	1.312.250
Berekningsgrunnlag for operasjonell risiko	106.591	101.996	106.591
Berekningsgrunnlag	1.519.028	1.414.432	1.418.841
Kapitaldekning i %	20,39 %	20,82 %	22,04 %
Kjernekapitaldekning	18,42 %	18,70 %	19,93 %
Ren kjernekapitaldekning i %	18,42 %	18,70 %	19,93 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	9,97 %	9,92 %	10,70 %
Bufferkrav			
Bevaringsbuffer (2,50 %)	37.976	35.361	35.471
Motsyklisk buffer (2,00 %)	30.381	28.289	28.377
Systemrisikobuffer (3,00 %)	45.571	42.433	42.565
Sum bufferkrav til ren kjernekapital	113.927	106.082	106.413
Minimumskrav til ren kjernekapital (4,50 %)	68.356	63.649	63.848
Tilgjengelig ren kjernekapital utover minimumskrav og bufferkrav	97.520	94.788	112.481

Konsolidering av samarbeidende grupper

Fra 01.01.2018 skal alle banker rapportere kapitaldekning konsolidert med eierandel i samarbeidsgrupper. Banken har en eierandel på 0,33 % i Eika Gruppen AS og på 0,54 % i Eika Boligkreditt AS.

	2019	2018	2018
Ren kjernekapital	287.447	271.715	288.161
Kjernekapital	290.856	274.554	292.040
Ansvarlig kapital	326.039	308.356	325.843
Beregningsgrunnlag	1.697.181	1.576.013	1.584.223
Kapitaldekning i %	19,21 %	19,57 %	20,57 %
Kjernekapitaldekning	17,14 %	17,42 %	18,43 %
Ren kjernekapitaldekning i %	16,94 %	17,24 %	18,19 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	8,57 %	8,57 %	9,13 %

NOTE 6 – GJELD STIFTET VED UTSTEDELSE AV VERDIPAPIRER

	3. Kvartal	3. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
Obligasjonar, nominell verdi	249.997	250.000	250.000
Amortisert over-/underkurs	-	-	-
Sum gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	249.997	250.000	250.000
Gjennomsnittlig rente ved periodeslutt	2,64 %	2,16 %	2,27 %
Avstemming mot balanse	-	-	-

	3. Kvartal	3. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
Ordinær ansvarlig lånekapital, nominell verdi	30.000	30.000	30.000
Amortisert over-/underkurs	-	-	-
Sum ansvarlig lånekapital og fondsobligasjonslån	30.000	30.000	30.000
Gjennomsnittlig rente ved periodeslutt	4,42 %	3,86 %	3,93 %
Avstemming mot balanse	-	-	-

	3. Kvartal	3. Kvartal	Året
	2019	2018	2018
KFS-lån	150.000	149.987	150.000
Lån frå andre kredittinstitusjonar	118	9	2.982
Sum lån frå kredittinstitusjonar med avtalt løpetid	150.118	149.996	152.982
Gjennomsnittlig rente ved periodeslutt	2,93 %	3,01 %	3,26 %

NOTE 7 – RESTNEDBETALINGSTID

Restnedbetalingstid på eiendels- og gjeldsposter

EIGNELUTAR

	< 1 mnd.	1-3 mnd.	3-12 mnd.	1-5 år	Over 5 år	U.løpetid	Sum
Kont./fordr.sentralbankar	-	-	-	-	-	71.298	71.298
Utl./fordr. til kredittinst.	-	-	-	-	-	23.130	23.130
Utlån til kundar	9.232	52.921	159.787	269.831	1.877.354	-	2.369.125
Obligasjonar/sertifik.	-	1.000	59.113	140.745	-	-	200.858
Aksjar	-	-	-	-	-	58.681	58.681
Øvrige eignelutar	-	-	-	-	-	25.574	25.574
Sum eignelutar	9.232	53.921	218.900	410.576	1.877.354	178.683	2.748.666

GJELD OG EK

	< 1 mnd.	1-3 mnd.	3-12 mnd.	1-5 år	Over 5 år	U.løpetid	Sum
Gjeld til kredittinst.	-	50.000	25.000	75.000	-	118	150.118
Innskott frå kundar	677.503	-	-	-	-	1.297.731	1.975.234
Obligasjonsgjeld	-	-	50.000	200.000	-	-3	249.997
Ansvarleg lån	-	-	-	30.000	-	-	30.000
Øvrig gjeld	-	-	-	-	-	37.997	37.997
Eigenkapital	-	-	-	-	-	305.321	305.321
Sum gjeld og eigenkapital	677.503	50.000	75.000	305.000	-	1.641.164	2.748.667

NOTE 8 – RENTEENDRINGSTIDSPUNKT

Renteendringstidspunkt for eiendels- og gjeldsposter

EIGNELUTAR

	< 1 mnd.	1-3 mnd.	3-12 mnd.	1-5 år	Over 5 år	U.binding	Sum
Kont./fordr.sentralbankar	-	-	-	-	-	71.298	71.298
Utl./fordr. til kredittinst.	-	-	-	-	-	23.130	23.130
Utlån til kundar	-	-	-	-	-	2.369.125	2.369.125
Obligasjonar/sertifik.	53.345	142.522	4.992	-	-	-	200.858
Aksjar	-	-	-	-	-	58.681	58.681
Øvrige eignelutar	-	-	-	-	-	25.574	25.574
Sum eignelutar	53.345	142.522	4.992	-	-	2.547.808	2.748.666

GJELD OG EK

	< 1 mnd.	1-3 mnd.	3-12 mnd.	1-5 år	Over 5 år	U.binding	Sum
Gjeld til kredittinst.	-	150.000	-	-	-	118	150.118
Innskot frå kundar	-	-	-	-	-	1.975.234	1.975.234
Obligasjonsgjeld	150.000	100.000	-	-	-	(3)	249.997
Ansvarleg lånekapital	30.000	-	-	-	-	-	30.000
Øvrig gjeld	-	-	-	-	-	37.997	37.997
Eigenkapital	-	-	-	-	-	305.321	305.321
Sum gjeld og eigenkapital	180.000	250.000	-	-	-	2.318.667	2.748.667

Stadfesting frå ansvarlege personar.

Styret og banksjef har den 18.10.2019 handsama og godkjent delårsrekneskapen for 3. kvartal for Ørskog Sparebank per 30.09.2019. Etter styret og dagleg leiar sin beste overtyding, er delårsrekneskapen for 3. kvartal 2019 utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskapstandardar. Opplysningane i rekneskapet gjev eit rett bilete av banken sine eigendelar, gjeld og finansielle stilling og resultat som heilskap per 30.09.2019.

Etter styret og dagleg leiar si beste overtyding gjev delårsrekneskapen for 3. kvartal ein rettvise oversikt over viktige hendingar i rekneskapsperioden. Etter styret og dagleg leiar si beste overtyding gjev også delårsrapporten ei beskriving av dei mest sentrale risikofaktorane banken står ovanfor i neste rekneskapsperiode.

Ørskog, 30.09.2019


Arne Jan Sollid
Styreformann


Torstein L. Stavseng
Nestleiar


Lene Aakvik
Styremedlem


Siw Pek
Tilsettes repr.


Ingunn S. Fladmark
Styremedlem


Eirik Kavli
Banksjef